



Årets varehandelstudent i arbeid i kassen på Spar i ettermiddag.

Som Spar-kundar kjenner vi Jørgen Moberg som ein del av den gode og service-innstilte betjeninga på butikken på Sanden. Der imponerer ungguten med imøtekommande kundebehandling og full fagleg oversikt. Vi som kjenner han opplever det som svært velfortent når vi får høyre at han vart tildelt førsteprisen på 10.000 kr då Varehandelstipendet 2015 vart delt ut i går.

Jørgen er til dagleg student ved BI der han alt har tilbakelagt bachelor innan eit fagområde. No er 24-åringen godt i gang med bachelorgrad nummer 2. I feriar og helgar har imidlertid Jørgen vore i full aktivitet på Spar Uskedalen i alle studentåra og før den tid. Der har han imponert med god fagleg oversikt og naturleg kundebehandlartalent.

I går var han altså tildelt førsteprisen i Varehandelstipendet 2015 i konkurranse med mange sterke kandidatar. Stipendet vert sponsa av Reitangruppa og den frittstående vekeavisa Daglegvarehandelen.

- For oss i Reitangruppen er det veldig spennende å bli kjent med de studentene som utmerker seg helt i toppen, og som viser en sterk interesse for handel og kjøpmannskap. Vi ønsker å motivere engasjerte varehandelsstudenter, utalar Berit Hvalryg, rektor for Reitangruppens Verdiskole, i samband med tildelinga.

Varehandelstipendet vert utdelt i samband med kåringa av årets varehandelstudent ved BI i Bergen.

Vi gratulerer Jørgen med den flotte og velfortente utmerkinga, og de kan lesa meir om tildeinga ved å [klikka her](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland